

Regionalt ungdomsarbeid

Vedlegg 1

Ung i Midtdalen (UiM) er eigd av midtdalskommunane med Nord-Fron kommune som vertskommune. UiM var i 2014 finansiert av kommunane og Oppland Fylkeskommune, og har i tillegg fått tilskot frå Regionrådet for Midt-Gudbrandsdal og Aktiv Ungdom. I 2014 var UiM med og arrangerte bla. UKM regionalmønstringen og Kåja Camp. UiM ble også godkjent som vertskap for Europeisk Voluntary Service, og har i samarbeid med Vinstra Ungdomsklubb ansvaret for to frivillige ungdomsarbeidarar frå Italia og Portugal. UiM har sekretæransvaret for Midtdalens Regionale Ungdomsråd, og har tett samarbeid med alle ungdomsråda i Midtdalen. Skyssordninga «Trygt heim» har vore brukt gjennom heile året og vart finansiert gjennom midlane til Ung i Midtdalen. Driftsutgiftene som eigarkommunane står for blir fordelt etter innbyggjartal.